

FAKTA

Farleg gods hos helseføretak

Februar 2021



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap



UTPEIKING AV SIKKERHEITSRÅDGIVARAR FOR FARLEG GODS HOS HELSEFØRETAK – viktig for tryggleiken til aktørane i transportkjeda

Hos helseføretaka blir det handtert vesentlege mengder farleg gods i ulike variantar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har registrert manglande etterleving av regelverket for transport av farleg gods som blir sendt frå eller teke imot av helseføretak.

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap

Rambergveien 9, 3115 Tønsberg
Telefon 33 41 25 00

postmottak@dsb.no
www.dsb.no

Helseføretaka kjem i kontakt med farleg gods mellom anna ved mottak av kjemikalier og sending av avfall. Ein del av dette vil vere smittefarleg avfall* og kjemikalierestar som blir rekna som farleg gods.

Fareklasser for farleg gods

| | | |
|---------------------|------------------------------------|---|
| FAREKLASSENE | 1 | eksplosive stoff og gjenstandar |
| | 2 | gassar |
| | 3 | brannfarlege væsker |
| | 4.1 | brannfarlege faste stoff |
| | 4.2 | sjølvtennande stoff |
| | 4.3 | stoff som gir frå seg brennbare gassar ved kontakt med vatn |
| | 5.1 | oksidierende stoff |
| | 5.2 | organiske peroksid |
| | 6.1 | giftige stoff |
| 6.2 | infeksjonsfremjande stoff | |
| 7 | radioaktivt materiale | |
| 8 | etsande stoff | |
| 9 | ulike farlege stoff og gjenstandar | |

Sikkerhetsrådgivar

DSB har fått bekymringsmeldingar frå aktørar i transportkjeda om handteringa av farleg gods hos helseføretak. På bakgrunn av dette har DSB bede om innsyn i årsrapportane frå sikkerhetsrådgivarane ved alle helseføretak. Tilbakemeldingane har avdekt at mange føretak manglar sikkerhetsrådgivar, og at mange ikkje har forstått kva som skal klassifiserast som farleg gods.

Alle verksemdar som kjem i kontakt med transport av farleg gods på veg og jernbane, er pålagde å utnemnde sikkerhetsrådgivarar. Du finn nærmare informasjon og rettleiing om dette på

<https://www.dsb.no/lover/farlige-stoffer/transport-av-farlig-gods/sikkerhetsradgiver-for-transport-av-farlig-gods/>.

Leiinga har ansvaret

Sikkerhetsrådgivaren skal arbeide for at all aktivitet knytt til transporten blir utført på ein forsvarleg måte og i samsvar med føresegnene. Dette skal sikre tryggleiken til alle aktørar i transportkjeda (medrekna naudetatane, i tilfelle der det oppstår hendingar). Det er leiinga ved helseføretaka som har ansvaret for at ein sikkerhetsrådgivar blir utnemnd og skjottar oppgåva si etter hensikta.

**Medisinsk eller klinisk avfall tilordnet nummer 18 01 03 på den Europeiske Avfallslisten (EAL), som for eksempel avfall fra sykdomsbekjempning hos mennesker, er oppført på FN's liste over farlig gods som UN 3291. Transport av UN 3291 blir regulert av nasjonale og internasjonale regelverk.*

| NOFAG | | Sikkerhetsrådgivers årsrapport for farlig gods transportert | | | | | |
|---|---------------------------|---|-------------------------------|--------------------------------------|---------|---------|----|
| 1. For perioden: | | | | | | | |
| 2. Rapporten gjelder for følgende aktiviteter: | | ADR <input type="checkbox"/> | RID <input type="checkbox"/> | ADN <input type="checkbox"/> | | | |
| 3. Rapporten gjelder for følgende virksomhet: | | | | | | | |
| 4. Er det avdekket områder hvor bedriften ikke møter regelverket? | | <input type="radio"/> Ja (For detaljer se vedlegg) | | <input checked="" type="radio"/> Nei | | | |
| 5. Transportmetode: | | <input type="checkbox"/> Stykk gods/kolli | <input type="checkbox"/> Tank | <input type="checkbox"/> Bulk | | | |
| 6. Informasjon om type transportoperasjoner og mengder farlig gods: | | | | | | | |
| Klasse | Type transportoperasjoner | | | | | | |
| | Forsendelse | Transport | Pakking | Lasting | Fylling | Lossing | <5 |
| 1 | | | | | | | |
| 2 | | | | | | | |
| 3 | | | | | | | |
| 4.1 | | | | | | | |
| 4.2 | | | | | | | |

Årsrapport

Sikkerhetsrådgiver skal utarbeide en årsrapport til ledelsen, og ledelsen skal på bakgrunn av denne vurdere tiltak for sikre at regelverket etterlevs i virksomheten.

DSB anbefaler at årsrapporten blir utarbeidd etter malen frå den europeiske organisasjonen for sikkerhetsrådgivarar (EASA). Norsk forening for farleg gods (NOFAG) tilbyr ei omsetjing til norsk på

<https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/farlige-stoffer-npf/transport-av-farlig-gods/mal-for-sikkerhetsraadgiverrapport-norsk-utgave-utfyllbar.pdf>



/DSBNorge



@dsb_no



dsb_norge



dsbnorge

www.dsb.no